



Kamparrangement – velkommen til Stranda

STRANDA FOTBALL

Innleiing:

Vi i Stranda Fotballen har lagt prestisje i å arrangere gode rammer rundt våre fotballkampar. Dette har vi "alltid" vert flinke til og noko som vi er særst stolte over å prestere gang på gang. Det å få rykte på seg for å vere ein god og omtenssam vert er den beste reklamen vi kan gi Stranda samfunnet og at barn og unge gledar seg til å komme på besøk til oss er noko som varma.

For å oppretthalde, ja kanskje forbetre, dei gode innarbeide arrangementa våre er det viktig for oss i Stranda Fotballen å få nedskrivne rutinar og tips til alle våre frivillige om korleis ein agerar som ein god vert.

Stranda Fotball er ein breiddeklubb og vi trur såleis at eit fokus på Fair Play i klubben, både på og av bana, er med på å sikre dei gode opplevingane for alle i fotballen. Vi har difor dei siste åra jobba med å synleggjere våre Fair Play standpunkt og vi vil satse enda meir på desse verdiane vidare.

Vi har no fått på plass ein Fair Play ansvarleg i klubben, og eit av hans/hennar hovudmandat er å ta vare på og vidare utvikle dei gode rammene som vi har skapt rundt våre kamparrangement. Vi har vidare fått på plass Fair Play skilt ved inngangen til stadion, og utdeling av grønekort blir gjort på alle "hovudkampane" og turneringar.

Så har klubben lagt grunnlaget og sett rammene for gode arrangement, no blir det opp til oss alle å ta det eit steg vidare med kampvertar på alle kampane.

STRANDA FOTBALL

Korleis legge til rette for gode kamparrangement:

Den gode kampopplevinga startar ofte før ein til og med reiser til kamp, den startar med at ein tar kontakt med motstandar. Send dei gjerne ein sms to til tre dagar før kamp, og ønsk dei velkommen til Stranda.

Det er i Stranda Fotball klubben si oppgåve å utpeike for kvart lag to kampar som vi lagar litt ekstra stas rund. Stranda Fotball informerar lagleiaren om dette når lista er klar. Denne er normalt sett klar etter SFK har komet med kampoppsettet for alle klassene, cirka i starten av april.

Dette er hovudkampen og i desse praktiserar vi speaker teneste og har open kiosk.

Korleis den er organisert:

- Dommar blir ynskja velkommen til stadion av lagleiar/kampvert.
- Motstandar laget blir ynskja velkommen til stadion av lagleiar/kampvert.
- Ein viser laget til garderobe.
- Lag i klassene 14 år og opp, vil få servert frukt frå oss. Denne skal stå i garderoba til motstandaren.
- Lagleiar for kvart av laga leverar spelarlistar til speakerbua. (Namn & nummer)
- Kampen startar med innmarsj til Champions league hymna.
- Det blir presentasjon av lag og dommar.
- Laga foretar Fair Play helsing.
- Under kamp kjem speaker med målscorarar, artige anekdotar og helsingar.

Kiosken blir bemanna av foreldra til det laget som spelar kamp.

Men dei fleste kampane blir spelt utan speaker og utan og ver hovudkamp. Det er også der viktig at laga tar med seg denne praksisen vidare til desse kampane også.

- Stranda Fotball ynskjer at alle lag skal ha kampvert på plass, til alle heimekampar.
- Stranda Fotball ynskjer at det skal praktiserast fair play helsing i alle kampar.
- Stranda Fotball ynskjer at alle lag skal prøve å ha kiosken open til alle kampar.

Rolleskildring for kampvert:

- Ver tidleg ute å sørg for at alt er klart til kamp.
- Ta godt imot dommaren og våre gjester.
 - Eit godt handtrykk og ei velkomehelsing.
- Sørgje for at fair play helsing blir gjennomført.
- Del ut foreldrevettreglane.
- Bidra til ei positiv atmosfære mellom foreldra.
- Takk dommar og gjestar for besøket og ønsk dei vel heim og velkommen tilbake.

STRANDA FOTBALL

Kven er kontakta i Stranda Fotball:

Når det gjeld å vidare utvikle våre kamparrangement er det no i Stranda Fotball utnemnd ein Fair Play ansvarleg. Dette er den personen vi ynskjer at ein kontaktar for innspel, ros og kritikk. Foreldre, trenarar og spelarar er viktige ressursar i utviklinga av arrangementa våre. Opplever ein noko som fungerer bra andre plassar, så tips klubben om det. Oppstår det ubehaglege situasjonar så må desse rapporterast til fair play ansvarleg. Er det oppstått graverande episodar så skal ein gjennom fair play ansvarleg spele dette inn til styret.

Dette har fungert utmerka i sesongen som gjekk og alle lag har vert dyktige på dette feltet. Så er det berre å fortsetje det gode arbeidet med dette i åra som kjem.

